



## KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** **18.03.2014**

Stad: Kommunehuset

Kl.: 09.00 – 14.30

Tilstades: Arild Tveranger – leiar, Astrid Nordanger – nestleiar, Oddmund Skjelvik, Arvid Aasgard – vara for Jan Tore Hvidsten og Eva Karin Klausen

Innkalla: Økonomisjef til sak 13/14 og rådmann til sak 14/14 og 16/14

Revisjon:

Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss

Forfall: Jan Tore Hvidsten

---

### 10/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### **Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### 11/14 Godkjenning av møteutskrift

#### **Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift 21.01.14 vart godkjent.

### 12/14 Skriv og meldingar

- Årsrapport 2013 Nordhordland kemnerkontor
- Kontrollrapport vedkommande skatteoppkrevjarfunksjon i Radøy kommune

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

### 13/14 Uttale til årsrekneskapen for 2013

Sakstilfang: Årsrekneskap, årsmelding frå rådmann, revisjonsmelding og revisjonsuttale.

Økonomisjef møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2013, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

#### **Samrøystes vedtak:**

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok Kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Radøy kommune sin årsrekneskap for 2013:

Kontrollutvalet vil gi uttrykk for at ein ser det som svært positivt at ein kan få lagt fram rekneskap og årsmelding så tidleg. Det gir grunnlag for at desse viktige dokumenta kan nyttast aktivt av kommunen som viktige styringsverktøy.

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Radøy kommune for 2013. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen samt revisjonsmelding for 2013 og revisjonsrapport.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstiller brukarane sitt informasjonsbehov. Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Netto driftsresultat er 2,6 mill kr, det er 7,6 mill kr lågare enn i 2012. Det utgjer berre 0,7 % av driftsinntektene, og er langt unna målet om 3 %. Det er ei utvikling som gir grunn for bekymring.

For å analysere netto driftsresultat litt nærmare er der nokre moment som er aktuelle. Momskompensasjonen frå investering er på 4,1 mill kr, av det er 3,3 mill kr pliktig overført (80 %) til investering. Frå og med 2014 vil ikkje noko kunne nyttast i drift. Netto avsetning/bruk av bundne fond viser ein netto bruk av 0,6 mill kr. Her har kommunen hatt større utgifter enn inntekter til område med spesifikke inntekter, største delen gjeld VAR område. Utgiftene til bygdeboka skulle vore ført i drift og ikkje i investering. I 2013 er det netto om lag 0,7 mill kr. Når ein korrigerer for dette så har kommunen eit korrigert netto driftsresultat på minus 1,6 mill kr, sjå tabellen under. Det er ei forverring samanlikna med 2012 på 5,7 mill kr. I tillegg er det verdt å merke seg netto premieavvik no er på nesten 22 mill kr, det vil bli kostnadsført dei neste 10 åra.

Korrigert netto driftsresultat i mill kr

	2013	2012
Netto driftsresultat	2,60	10,20
- Momskompensasjon investering	-4,11	-3,20
- Avsatt /+ bruk av bundne fond (netto)	0,64	-1,80
- Bygdebok ført i investering	-0,73	-1,07
<b>Netto driftsresultat korrigert</b>	<b>-1,60</b>	<b>4,13</b>

Driftsutgiftene auka med 7,3 %, mens driftsinntektene auka med 5,1 % i 2013. Dette er ei utvikling som ikkje kan fortsette.

Utgifter til lønn og sosiale utgifter aukar med 7,3 % i 2013. Det er høgare enn forventa lønns- og prisauke i 2013 slik at det kan sjå ut til at det har vore ein aktivitets auke. I note 21 viser at tal årsverk har auka til 430, ein auke på 28 årsverk noko som utgjer heile 7 % i 2013. Den auken er så stor at ein bør kvalitetssikre desse tala noko nærare. Men uansett så ser det ut som det har vore ein aktivitetsauke som økonomien til kommunen ikkje gir rom for.

Den langsiktige gjelda til kommunen har auka med 23,2 mil kr, og den utgjer 69 % av driftsinntektene. Netto finans kostnaden aukar med 0,7 mill kr. Kommunen nyt godt av at der er eit lågt rentenivå.

Kommunen sin likviditet er svekka i 2013. Arbeidskapitalen (Omløpsmidlar – Kortsiktig gjeld) er nå på minus 3,4 mill kr når ein ser bort i frå premieavviket og ubrukte lånemidlar. Ubrukte lånemidlar har vore med å styrka likviditeten til kommunen.

Avvik i høve til budsjettkjema 1B - driftsrekneskapen

Kommunen sitt delegasjonsreglement i vedlegg 3 set krav om at avvik på dei ulike områda skal forklarast i årsmeldinga, dette er også eit krav i § 10 i forskrift

om årsrekneskap og årsmelding. Avvika i høve til budsjett på dei einskilde einingane i 2013 er låge, med nokon unntak. Tenesteområdet felles skule/barnehage/SFO har eit større overforbruk på nesten 3 mill kr og utgiftene har auka med over 40 % samanlikna med 2012, det er forklart i årsmeldinga. I årsmeldinga står det følgjande om skule;

*«Dei fleste skulane har ikkje makta å driva innanfor budsjetttrammene i 2013. Dette har samanheng med fleire tilhøve, mellom anna rundt forholdet mellom tildelt budsjett på fastløn og tildelte personalressursar/rammetimetal.»*

Kontrollutvalet ser det som viktig at tildelt budsjett må gå foran tildelte timar, for å sikre ein einsarta styringsstruktur.

I investeringsrekneskapen – skjema 2B så er der nokon avvik i forhold til vedteke budsjett, men mange av dei er forklart i årsmeldinga.

Kontrollutvalet vil peike på revisjonen sin kommentar til bygdeboka i revisjonsrapporten og **etterhald** i revisjonsmeldinga om at kostnader til bygdeboka ikkje skulle vore ført i investering, men i drift. Dette er ikkje i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Dette har også kontrollutvalet peika på tidlegare.

Revisjonen har også peika på at enkelte investeringar er vedlikehald og skulle vore ført i drift. I Radøy er investeringane i stor grad lånefinansiert slik at ved å ta kostnader i investering som skulle vore i drift må «framtidige» generasjoner betale for dagens vedlikehald.

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet reknar med at revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten vil bli følgt opp av administrasjon. Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 12.03.2014 og revisjonsrapport datert 12.03.2014, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Radøy kommune for 2013.

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein betryggande kontroll og høg etisk standard. Rådmann skriver om internkontrollen og arbeidet med etikk og note 21 i rekneskapen gjer greie for arbeidet med likestilling.

I budsjettet for 2013 er der vedteke nokon konkrete mål og nokon som er meir generelle. Kontrollutvalet ville sett det som naturleg at årsmeldinga rapporterte om korleis resultata var i forhold til dei vedtekne måla.

#### **14/14 Status for prosjektet – vegframføringa på Olsvollstranda - administrasjon gir ein orientering**

Bakgrunn for saka er kontrollutvalet sin sak 20/13 «Kommunen sin oppfølging av investeringsprosjekt – vegframføring Olsvollstranda industriområde» og kontrollutvalet sin oppfølging i sak 47/13.

Kontrollutvalet har bedt om å få eit prosjektrekneskap når prosjektet er ferdigstilt. I sak 47/13 (19.11.13) orienterte rådmann om at prosjektet ikkje var ferdigstilt ennå og

at vegen ikkje var overtatt av kommunen ennå. Kontrollutvalet ønskja difor å få ein status for prosjektet og ein tidsplan for når det vert ferdigstilt.

Rådmann orienterte om status:

- Vegen er overtatt av kommunen i februar og det er utstedt ferdigattest for vegen.
- Det skal ikkje vere nokon ubetalte rekningar. Prosjektrekneskapen er ikkje ferdig, men vil no kunne ferdigstilla om ikkje alt for lang tid.
- Reint generelt så er det gjort endringar i organisasjonen slik at prosjekta no har ein betre oppfølging.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning og vil ha lagt fram prosjektrekneskapen når det er ferdig.

**15/14 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar.

**16/14 Eventuelt**

Leiar og nestleiar orienterte om kurset som dei hadde delteke på.

Revisjonen har invitert til ein fagdag om KOSTRA på Alver Hotell torsdag 24. april.

Kontrollutvalet sin leiar har fått tilsendt kopi av epost 14.03.14 frå advokat Nina Kibsgaard vedrørande reguleringsplan for Bresvika.

Kontrollutvalet sin leiar har fått epost 15.03.14 frå leiar i Radøy KrF - David Pletten Aasgard Leder Radøy KrF om kommunal kontantstøtte. Henvendinga går på kommunestyret sitt vedtak i sak 009/14 om å vurdere å innføre lokal kontantstøtte for 2 åringer med siktet på eventuell innføring i 2014. Rådmann orienterte om status for saka og at det punktet vil bli følgjt opp. Planen er å legge fram ei sak for kommunestyret før sommarferien der dette punktet vil bli utgreidd. Kontrollutvalet reknar med at denne saka vert følgt opp av administrasjon og ser ikkje grunnlag for å gå vidare med denne saka.

Neste møte i kontrollutvalet er 03.06.14.

Manger, 18. mars 2014

  
Arild Tveranger/leiar

  
Bent Gunnar Næss/sekretær